



Nr. 57

Mai 2024

>>>INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE<<<

BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland

GOD 17. MAI
(program s. 19)



SISTE NYTT FRÅ BYGLAND KOMMUNE

EIN ENGASJERT HYTTEBYGLENDING

Av Marion Solheim

LES MEIR - S. 6 <<<

Det er fem år sidan Setesdølane sin folkedans, folkemusikk, kveding og stevjing kom på den presisjetunge UNESCO-lista over immateriell kulturarv. Og i dag, på den internasjonale dagen for dans, tek vi praten med ei som har folkedans i blodet, Liv Åsne Austad Andersen

>>> LES MEIR - S. 5

No når det vårast er det full aktivitet i mang ei hytte rundt om i kommunen. Hytteeigarane handlar på dei lokale butikkane, går tur langs Byglandsfjorden og engasjerer seg titt og ofte i lokalmiljøet. Tom Slorafoss og familien byter ut Lørenskog med hytta i Bygland så ofte dei kan.

FOLKEDANS I BYGLAND - KULTURARV, GANGAR OG MYKJE MORO

Av Marion Solheim



ORDFØRAREN SI SIDE

HELSING FRÅ ORDFØRAREN

No gjeng me verkeleg inn i ei fin tid i Bygland kommune. I Åraksbø venter me svalane tilbake, ein av favorittane mine.

Denne månaden markerar fleire av oss 1.mai, arbeidarane sin fridag. Trygge og gode arbeidshøve, tariff, rettigheter ved sjukdom og pensjon er viktig å ta vare på, og må ikkje takast som ein sjølvfølge.

Så feirar me alle Grunnlovsdagen, i år med ei felles feiring for heile kommunen på Byglandsfjord. Sidan 2014 har me hatt slike felles feiringer. På den måten blir borna kjent med kvarandre, dei vaksne også, og det bidreg til eit sterkare felleskap oss byglendinger imellom, nye som gamle.



ORDFØRAREN I BYGLAND,
RUNAR FLÅT GRANHEIM

Eg møtte Bygland Ungdomsråd heilt i slutten av april, og er imponert over engasjementet deira. Dei er opptekne av å få til gode og inkluderande aktivitetstilbod for ungdom både på Bygland og på Byglandsfjord, og vidare er dei opptekne av kollektivtilbod og transportmoglegheiter. Difor må vi jobbe aktivt med Akt (Agder Kollektivtrafikk) for å finne gode løysinger, eller andre moglegheiter for å gjøre dette betre for dei unge. Dei var også opptekne av at ordføraren måtte ta seg ein tur til frisøren, noko eg sjølv sagt gjorde. Ein må ta Ungdomsrådet på alvor!

Elles er eg oppteken av Unesco, verdsarven knytta til folkemusikken og folkedansen. Det er flott at den lokale læreplanen innan Unesco no straks er ferdigstilt og klar til bruk på skulane våre. Det er noko unikt og flott over det at alle våre elevar lærar seg å spele munnharpe. Kor elles i verda lærar dei det? Det er også flott at Evje og Hornnes og Åseral sluttar seg til Kulturarvrådet for Unesco. Det gjer oss enda sterkare, og bygger enda meir opp under ein viktig del av kulturarven som bind oss saman.

Så til slutt gler eg meg veldig til at vi opnar dagsturhytta Utsikten i Grendi, i regi av Levekårsutvalet. Opninga blir 16.mai der oppvekstsentrana er invitert spesielt. Fylkesordførar Arne Thomassen står for opninga, det blir stas.

Eg ynskjer dykk alle ein fin vår, ta vare på kvarandre!

Mvh Runar Granheim

Torsdag 16. mai opnar dagsturhytta!

Opning av dagsturhytta Utsikten i Grendi oppe ved hytta kl.11.00
av Fylkesordfører Arne Thomassen og Ordfører Runar Granheim.
Natursti klar fra kl.10.00 fra løypa som gjeng frå Landeskogen.
Sjå meir s. 9





OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
telefontider måndag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
tysdag, onsdag, torsdag kl. 08.00 - 15.00
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
måndag - fredag kl. 08.00 - 15.00

BYGLAND TANNLEGEKLIKK



Sentrale (via Evje tannklinikk): tlf. 37 93 01 95
Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: tlf. 945 22 025

- BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 24, 4745 BYGLAND
STENGT FRAM TIL 31. MAI GRUNNA FLYTTING TIL NY BYGG.
Flyttesal foran dei gamle bibliotekslokale.
- BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741
BYGLANDSFJORD
MIDLERTIDIG NYE OPNINGSTIDER! VIKAR.

	BYGLAND	BYGLANDSFJORD
MÅNDAG	STENGT	17.00 - 19.00
ONSDAG	STENGT	17.00 - 19.00 (STENGT 01.05. OG 20.05.)



LEDIGE STILLINGAR I BYGLAND KOMMUNE

SOMMARJOBB



Sommarjobber for skuleungdom i bygg og eigedom, reinhald mv. -

Søknadsfrist: 31.05.2024

**For stillingsannonserne se Bygland kommune si heimeside
bygland.kommune.no**

POLITISKE MØTE - MAI 2024



- Kommunestyremøte: 08.05. kl. 09.00

HØYRINGAR OG KUNNGJERINGAR



Plan for friluftslivet sine ferdsselsårer

Friluftsliv har med tida blitt Noreg sin mest utbreidde fritidsaktivitet. Bygland har svært gode føresetnader for dette. Kanalisert omsynsfull ferdsel er nøkkelen til eit framtidig vellykka friluftsliv. Eit godt planlagt og praktisert sti-, løype og turvegnett vil kunne ta omsyn til ulike friluftsinteresser, næringsinteresser og naturvernomsyn.


Vi fekk inn 60 forslag til nye trasear frå innbyggjarane, og har hatt god dialog med både grunneigarar, velforeining, turistforeining og regionale mynde i planprosessen.

Kommunen ønskjer synspunkt på det framlagte planutkastet for friluftslivet sine ferdsselsårer innan **28. mai 2024**.

Merknadar og innspel kan bli sendt via:

- E-post til post@bygland.kommune.no
- Post: Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland
- Elektronisk skjema: Høyningsuttale (Ver klar over at dette er eit standardskjema, og at alle spørsmål difor ikkje er relevante.)

Saksreferanse: 19/372



FÅNEFJELLVEGEN,
GAMAL OG NY FERDELÅRA I BYGLAND.
Foto: SUSANNE HEGENSCHEIDT

Dokument og kart til saka kan ein finne på Bygland kommune si heimeside.

INTERVJU MED TOM SLORAFOSS

EIN ENGASJERT HYTTEBYGLENDING

Tekst og foto Marion Solheim

Hyttebyglendingane er klare! No når det vårest er det full aktivitet i mang ei hytte rundt om i kommunen. Hytteeigarane handlar på dei lokale butikkane, går tur langs Byglandsfjorden og engasjerer seg titt og ofte i lokalmiljøet. Tom Slorafoss og familien byter ut Lørenskog med hytta i Bygland så ofte dei kan.



TOM SLORAFOSS
Foto: Privat

Ei av hyttene i Bygland tilhører familien Slorafoss. Far i huset (eller hytta), Tom, er rett og slett ein jovial kar. Han har vore hyttebyglending i mange år, og vegen hit gjekk som det ofte gjer – via kjærleiken. Den blir pleia på hytta på Byglandsfjord, rett under Horjeknipen. Frå terrassen strekk utsikta seg frå ovanfor Frøyrap i nord og forbi Syrtveit i sør.

-Sommaren 2001 vart eg invitert av Eva, min dåverande kjæreste -og noverande kone- til å bli med på familiehytta i Bygland, fortel Tom.

-Vi skulle treffe familien, grille og nyte varme og rolege dagar. Eg hadde hørt at Byglandsfjord var den varmaste plassen i landet og hadde fantastiske bade- og båtforhold. Det skulle vere som himmel på jord. Og eg vart overtydd! Det vart ei sommarveke heilt utanom det vanlege, og eg var forelska til opp over øyrene. Både i dama og i Byglandsfjord! [...]

Bygland er indrefileten

-Du ser jo ting utanfrå, kva er det beste med Bygland sett med dine auge?

-For meg er Byglandsfjorden sjølve indrefileten i Bygland. Sandstrender, holmar og skjær – det beste Sørlandet har å by på. Varmerekordar om sommaren. Gullande reint vatn. Tenk at badevatnet her kan drikkast! Urlaksen bleke som sym rundt her framleis, etter tusenvis av år. Bjoren som fløytar frå fjorden, både på opptur og nedtur. Og alt dette er tilgjengeleg rett framfor meg, som den hyttebyglendingen eg er. [...]

Tom har også engasjert seg i utviklinga av kommunen. Omstillingssprosessen som no er i gong synest han er veldig spennande å følge med på. Han har klare tankar om framtida for Bygland.

-Trendane ein ønsker å stoppe må snu om. Det hastar, sler han fast.

-Kva ønsker ein eigentleg å oppnå? Korleis vil ein at moglege nye ressursar inn i kommunen skal oppfatte Bygland og innbyggjarane her? Her er det spreke utfordringar for politikarar, kommuneadministrasjon og ikkje minst innbyggjarane sjølve – som ei samla kraft. Kanskje kan også hyttebyglendingane vere ei ressursgruppe? Eg har sjølv vore heldig og delteke i det som initialt vart gjort i denne prosessen. For meg dreier dette seg mykje om at alle involverte må våge å gje litt slepp for å dei trendane ein ønsker. Eg trur ein må vere villige til å sjå at fortida ikkje kjem tilbake. Framtida har nye og andre utfordringar. [...]

INTERVJU MED LIV ÅSNE AUSTAD ANDERSEN

FOLKEDANS I BYGLAND - KULTURARV, GANGAR OG MYKJE MORO

Tekst og foto: Marion Solheim

Det er fem år sidan Setesdølane sin folkedans, folkemusikk, kveding og stevjing kom på den presisjetunge UNESCO-lista over immateriell kulturarv. Og i dag, på den internasjonale dagen for dans, tek vi praten med ei som har folkedans i blodet, Liv Åsne Austad Andersen

Med Gofa som læremester

Liv Åsne har dansa folkedans sidan ho var ein neve stor. Ho meiner det er viktig at denne kulturen ikkje går i gløymeboka.

-Gofaen min, Aslak Austad, dansa gangar. Han introduserte oss borneborna for dans og stev frå så tidleg eg kan huske, fortel Liv Åsne.

-For meg har det vore moro å lære meg den dansen dei dansa i Setesdal i gamle dagar. Det har nok noko med identitet å gjere.

Gangaren er den eldste dansertyrma vi kjenner til her til lands. Og gangaren lever i beste velgåande. Både som pardans eller i ring med fleire par der ein byter på dansepartnaren. Liv Åsne sin favorittdans er Setesdalsgangar. [...]

-Dansen fungerer også som treffpunkt. Det er moro når folk i alle aldrar dansar. Vi kan treffast på tvers av bygder og kommunar, og ein treff gjerne folk ein ikkje møter til kvardags.



GANGARKURS PÅ BYGLAND KULTURSCENE
Foto: LIV ÅSNE AUSTAD ANDERSEN

Folkedansen før og no

I Bygland og Setesdal har ein dansa til hardingfele og munnharpe i all den tid. Men det er ikkje til å legge skjul på - folkedanskulturen har fått hard konkurranse frå omverda og står ikkje like sterkt som tidlegare.

-Eg veit at når generasjonane før meg trefte kvarandre på dans gjekk det i folkedans, mellom anna gangar som er den lokale folkedansen. På dansane var det spelemenn og det kunne gjerne bli steva i tillegg til dans og spel, fortel Liv Åsne. Sjølv var ho i lag med tre venninner primus motor for leikarringen i Bygland tidlegare. Der fekk borna i mange år lære seg folkedans, og også hiphop, song og mykje anna.

Det vart arrangert dansetreff med leikarringane i nabokommunane, og det var mykje sosialt som skjedde. [...] Det var for folk i alle aldrar. På denne danseøvinga deltok fleire generasjonar og på tvers av kommunar, fortel ho. [...]

LIV ÅSNE AUSTAD ANDERSEN: FOLKEDANS I BYGLAND >>>



>>> LIV ÅSNE AUSTAD ANDERSEN: FOLKEDANS I BYGLAND

...og folkedansen framover

UNESCO-statusen har gjort ei heil verd klar over verdien folkedansen i Setesdal har. Ein rytmisk skatt, rett og slett. Den skal visast fram til sommaren til eit stort publikum, nemleg på NORLEK 24 i Arendal – eit nordisk folkedans- og folkemusikkfestival der mellom 2000 og 2500 dansarar og musikarar frå heile Norden samlast. I Bygland øvar dei til opptreden.

-Laurdag 20. juli skal det visast eit Setesdalsbryllaup og bryllaupsfolket skal gå først i paraden gjennom Arendal, fortel Liv Åsne. [...]

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som har samla folk i alle aldrar til å vere med i dette Setesdalsbryllaupet. Nokre av dei som var med på siste danseøvinga i Bygland skal vere med i dette bryllaupet, fortel ho.

Når det gjeld satsinga på folkedans og den immaterielle kulturarven i Setesdal så vil Liv Åsne trekke fram satsinga Setesdalsfolk i regi av fylkeskommunen og Bygland kommune, der det har skjedd og skjer mykje spennande.

-Det er så flott med opplæringsprosjektet Gorrlaus i barnehage og skular, samt boka Dommelidei. Eg trur det at den immaterielle kulturarven i Setesdal har fått UNESCO-status på sikt vil vere med på å skape ein stoltheit. Også tykkjer eg dei tilsette i oppvekstsektoren her har vore flinke til å bruke materiellet i Gorrlaus og boka Dommelidei. Det hører og ser eg, avsluttar ei nøgd Liv Åsne.

Folkedanskulturen i Bygland lever altså i beste velgåande. Og allereie 3. mai stemmast felene igjen, då skal Setesdal Spelemannslag ha nytt gangarkurs på Bygland kulturscene. Så finn fram danseskoa og hiv deg med!

Les heile intervjuet og sjå kjelder på Bygland kommune si heimeside.

REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 57

REDAKSJON

- Redaktør: Susanne Hegenscheidt
- Ansvarleg redaktør: John Salve Sigridnes

BILETE



- Framside: 17. mai-tog på Byglandsfjord 2022. Lina Elwers
- Innhold (m.m. anna er spesifisert): Bygland kommune, pixabay.com
- Redaksjonsnotat og Kva skjer: 17. mai 2022. Susanne Hegenscheidt

Byglandsnytt juni 2024: 04.06.2024, skrivefrist 30.05.

Send tipps til post@bygland.kommune.no - merknad: **Byglandsnytt**

Arkiv: bygland.kommune.no/byglandsnytt

INTERVJU MED KJELL RUNE HEIA

HAR DU EIN GOD IDE I BYGLAND, SÅ HOPP I DET!

Tekst og foto: Marion Solheim

Kjell Rune Heia i Containertech står for mange nye arbeidsplassar i Bygland. Han har trua på nye idear og ny giv innan næringslivet i kommunen – og lever etter mottoet «Life begins at the end of your comfort zone».

Primus motor i Containertech i Bygland har fått det til. Bedrifta, som i Bygland hovudsakleg leverer løysingar for vassrensing, har auka bemanninga med heile 20 årsverk – og fleire skal det bli. -Ja, no er vi i ein prosess med å tilsette tre-fire nye personar for å ta høgde for den aukande aktiviteten, seier han.

-Vi håpar å ha desse på plass før sommaren. I tillegg er vi blitt godkjent lærlingsbedrift og vil gjerne ha inn to lærlingar på industrimekanikarfaget. Dette trur vi blir ein veldig god arena for å rekruttere nye fagarbeidarar, og noko som kan gjere det mogleg for unge å bu i regionen og gjere ferdig utdanninga her i staden for å måtte flytte ut.

Problem er til for å løysast

Bygland er kanskje ikkje den mest opplagte plassen for bedrifter som Containertech med tanke på leverandørar i dei store byane. Men med god planlegging og litt lagerhald syns Kjell Rune det går heilt greitt.[...] -Det med å ligge i Bygland kan faktisk vere ein fordel, fortel han.

-Vi ligg innanfor ei pendlaravstand som folk er villige til å køyre til; vi kan trekke arbeidskraft frå Evje til Valle – og ein del frå endå lengre vekke. Så langt har vi vore heldig med å rekruttere gode kollegaar frå begge retningars, seier Kjell Rune.

Kommunen har han hatt eit godt samarbeid med sidan starten.

-Ja, vi har hatt ein god dialog. Dei ga økonomisk støtte då eg var i oppstarten, la til rette for fiber på Nesmoen og har generelt stilt opp der dei har hatt moglegheit. Og så må eg jo seie at ja, kommunen skal støtte lokalt næringsliv – men dei skal jo ikkje gjere jobben for oss. Den skal vi som driv næringsverksemd gjere sjølv. Så eg vil seie at Bygland er ein god kommune å drive næring i.



KJELL RUNE HEIA
FOTO: CONTAINERTECH

No har det blitt oppretta eit næringslag i kommunen, og det er Containertech-sjefen glad for.

-Her må vi klare å etablere ein aktiv møteplass for oss som driv næring. [...] At vi kan styrke kvarandre sjølv om vi er i ulike bransjar er eg sikker på, seier Kjell Rune. Og han kastar like godt ut ein ny ide i same slengen.

-Ein tanke eg har er at det gjennom næringslaget kan vere ei form for «fadderordning» for dei som ønsker å starte noko nytt her i kommunen. Eg veit jo frå eiga erfaring at det tok mykje tid å finne fram i jungelen av ulike ordningar og få nettverk. [...] Regionen vil bli sterkare og kunne tiltrekke seg både ny arbeidskraft og nye kundar..

KJELL RUNE HEIA: HOPP I DET GODE IDEER! >>>



>>> KJELL RUNE HEIA: HOPP I DET GODE IDEER!

Omstilling og heile bildet

Nye tankar og idear er også det omstillingskommunen Bygland vil ha fram. Kjell Rune trur omstillingsprosessen byr på nye mogleheter. Det er på tide å sjå heile bildet, seier han.

-Omstillinga trur eg vil vere ein god ting. Eg meiner at å få eit fokus på heilskapleg tenking inn mot næring, bustader og samfunnsutvikling er viktig. Det er mange ting som er bra i dag, men som rimeleg enkelt kan bli mykje betre ved å sjå heile bildet. Til dømes dette med bustader. Vi har mange som pendlar til Bygland og ikkje finn plass å bu - sjølv om dei kunne tenkt seg det. Her er det ein stor jobb å gjere, både med tanke på nye og attraktive tomtar og bustader – men også med dei husa som står tomme. Dei bør komme på marknaden. Eg vil oppfordre alle som sit på ein gard eller eit hus som dei ikkje brukar å legge ut for sal. Det er ikkje eit enkelt svar på dette, men eg håpar at gjennom oppsøkande arbeid og synleggjering av behovet så kan fleire ønske å selge til folk som vil busetje seg i Bygland.

Å spele på lag

På same måte som Kjell Rune meiner at det lokale næringslivet bør spele på lag, så har han dei same tankane om kommunane i Setesdal.

-Eg trur det er viktig at vi også i omstillingsprosjektet held fokus på regionen Setesdal. Eg ønsker at Bygland skal vekse. Og all aktivitet som skjer i regionen er med på å styrke Bygland sine kommunen sine mogleheter til å utvikle seg, sler Kjell Rune fast.

Og bli gode lagspelarar, det kan vi alle vere.

-Ja, eg vil oppfordre alle i kommunen vår som har tankar og idear om å komme med dei; ta kontakt med den nye Mogleheitsutviklaren, still opp på dei ulike tilstelningane som vil komme som resultat av omstillingsprogrammet, snakk med politikarane og snakk med kommunen. Og har du ein god ide, enten det gjeld næring eller anna utvikling: hopp i det! Det kan komme til å kreve mot, mykje arbeid og vilje – det kjem ikkje av seg sjølv. Men er ideen og prosjektet godt, så vil du ha moglegheit til å finne samarbeidspartnarar eller støtte for å klare det, avsluttar Kjell Rune Heia.

Les heile intervjuet på Bygland kommune si heimeside.



FOTO:CONTAINERTECH



NYTT FRÅ EININGANE

>> SAMFUNN, DRIFT OG FORVALTNING




Dagsturhytta Utsikten i Grendi

Opning av dagsturhytta oppe ved hytta kl.11.00 - 13.00 av Fylkesordfører Arne Thomassen og Ordfører Runar Granheim. Natursti klar fra kl.10.00 fra løypa som gjeng frå Landeskogen.

Midt- Agder Friluftsråd står for aktiviteter rundt hytta, samt natursti lang løypa. Det vert premiering for deltaking av natursti. Pølser, saft og kaffi til alle.

Adkomst: Turløype fra Årdal Kyrkje p-plass (lengre løype) og Fredssenteret ved Landeskogen (kortare løype).

Stor takk til Landeskogen peacecenter som grunneigar, Agder Fylkeskommune og Sparebankstiftelsen SR- Bank.



Familiebadning



Vi takkar for ein framifrå sesong på symjehallen på Bygland.



Takk til badevaka **Astrid Carlsen** som hold eitt godt øye med badegjestene, slik at alle kunne føle seg trygge.

Vi ser fram til ein ny badesesong etter haustferien 2024.



Informasjon om tilskotsordningar i jordbruket



Det er ny kontaktperson for saker som gjeld tilskotsordningar i jordbruket.

I samband med permisjon, har vi inngått avtale med Åseral kommune om saksbehandling av saker som vedkjem statlege tilskotsordningar i jordbruket.

Dette gjeld SMIL, produksjonstilskott, sjukdomsavsløysing, drenering, RMP, OBB og tiltak i beiteområde.

Kontaktperson i Åseral er **Caroline Iveland**, telefon 47 76 20 87. Telefontida er mellom kl. 10:00 og 14:00. Denne ordninga gjeld til og med 31.08.24

>> KULTUR

Informasjon om biblioteket



På grunn av at vi flytter biblioteket til dei gamle banklokalene på Bygland, tilbyr vi ikkje utlån av bøker på Bygland fram til nyopning i slutten av mai.

Det er leitt å måtte stenge, men vi gleder oss til dei nye lokalene på Bygland i neste omgang! I mellomtida er det boksal foran dei gamle bibliotekslokalene. Du finn spennande bøker til ein billig peng. Pengane går til Bygland frivilligsentral sine ulike aktiviteter.

Biblioteket på Byglandsfjord blir "hovudbiblioteket" i denne perioden. Vi ville utvide opningstidene på Byglandsfjord, men av ulike årsaker får vi ikkje det til.

Det vil vere ein person til stades på Byglandsfjord måndagar og onsdagar i tida frå kl. 17:00 til kl. 19:00.





NYTT FRÅ EININGANE

>> KULTUR - KULTURSKULE

Bygland, Evje og Hornnes kulturskule

Skuleår 2024/2025 - **Søknadsfrist 15.05.2024**

Kulturkarusell - Piano individuell - Sang individuell -
Gitar, bass, trommer, band - Musikkteater - Folkemusikk

Søk på Bygland og Evje og Hornnes kommunane sine
heimesider. For folkemusikk søker: valle.kommune.no



FOLKEMUSIKK!

Valle, Bykle og Bygland samarbeider om det interkommunale folkemusikktilbuet munnharpe, hardingfele, kveding og leikaring i kulturskulen. Dette er ei satsing på UNESCO Setesdal og den immaterielle kulturarven.

Nye elevar får mogelegheita til å prøve ut ulike instrument, og det blir mykje samspel. Det kan også bli aktuelt å gi gruppeundervisning dersom fleire nybyrjarar søker på same instrument.

Tilboda gjeld føretrinnsvis elevar fra Bygland, Valle og Bykle kommunar. Dersom kapasitet kan også elevar fra Evje og Hornnes få plass. Ta kontakt med din lokale kulturskule dersom du har spørsmål.

Søknadsfrist for skoleåret 2024/25 er 15. mai!

Søk her:
<https://valle.kommune.no/tenester/kultur-og-fritid/kulturskule/>



>> PLEIE OG OMSORG

Open dag på Byglandsheimen

til vanleg onsdagar kl. 11.00 -14.00. Variert program.

- torsdag 2. mai kl. 16.00: Konsert med Jenny Jenssen
- måndag 6. mai kl. 15.00: Konsert med Kulturskulen
- onsdag 15. mai: Konsert med Leif Inge Thormodsæter
- onsdag 22. mai: Seniorshop, opent under heile Open dag

Kontaktperson:

Kenneth Sahlsten Fyhn

Trivselkoordinator, Bygland Kommune

Tlf: 90 22 55 03

SENIORSHOP

STORT UTVALG
I DAMEKLÆR,
UNDERTØY OG
KLÆR TIL HERRER



KLESBUTIKKEN KOMMER HIT!

Vi kommer til Byglandsheimen
Onsdag 22. mai kl.10.30
Vi har med oss mye fint til dame og herre.
Velkommen

www.seniorshop.no

Mart Brekke
+47 90 91 66 34
post@strømgardsmønster.no





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Postadresse: Bygland frivilligsentral, Sentrum 18, 4745 Bygland,

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no.

Nettside: bygland.frivilligsentral.no

Besøksadresse: Presteneset 2, 4745 Bygland

Ansvarleg for frivilligsentralen og BUA:

Guro Kvaale Skibsrud og Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

BUA Bygland (utstyrssentralen), tlf. 94 50 28 58



Opne aktivitetar



- BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka



Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagskafé: måndagar i oddetallsveker, kl. 12.00 – 14.00 (6. + 20.05.)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetallsveker, kl. 16.00 – 18.00 (7. + 21.05.)
- Bingo: tysdagar i partallsveker, kl. 18.00 – 20.00 (14. + 28.05.)
- BTW - Bygland Teater Workshop for unge: sesongslutt 02.05. kl. 15.00 - 17.00
- Strikkekafé: 1.+3. torsdag/månad kl. 18.00 – 20.00 (2. + 16.05.)



Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening: torsdagar kl. 13.00 – 14.30, Byglandshallen (ikkje 2. og 9.05.)
- Teppebowls: torsdagar i partallsveker kl. 16.30 – 18.30, Byglandshallen; 16. og 30.05.



Aktivitetar på Pakkbua på Byglandsfjord

- Seniorsenter: måndagar i oddetallsveker, kl. 11.00 – 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (20.05.; Seniorsenter går på tur 6.05.)

ANDRE ARRANGEMENT



torsdag 02.05. kl. 13.00 - 14.30

Besøksven på Byglandsheimen



måndag 06.05. kl. 10.00 - 15.30

Tur til Skjerkadammen og Eikerapen Hotell



torsdag 30.05. klokkeslett følger

Dugnad på frivilligsentralen

Busstur
GUIDA BESØK PÅ SKJERKADAMMEN
LASAGNE M/TILBEHØR PÅ EIKERAPEN HOTELL
600KR v/min. 20 stk.
Betal på Upps #520504 Seniorsenter merk namn
6 MAI KL 10.00 OPEN FOR ALLE SENIORAR I BYGLAND KOMMUNE PÅMELDING: WWW.BYGLAND.FRIVILLIGSENTRAL.NO/NYHЕНDE SMS: 48263262



FOLK I BYGLAND ER RÅ PÅ FRIVILLIGHET!

Tekst: Marion Solheim

Bygland bugnar av innbyggjarar som er med på å halde kommunen levande og aktiv. Primus motor Anne Fauske i Frivilligsentralen er imponert over vilja til å stille opp for nærmiljøet.

-Berre gjennom Frivilligsentralen har vi om lag 100 frivillige, nok som er veldig bra med tanke på innbyggjartalet, og desse bidreg til om lag 20-30 faste eller sporadiske aktiviteter, fortel Anne.

Stort spenn og mange ildsjeler

Bingo, bygdemiddagar og besøksven på Byglandsheimen. Følgehjelp til lege eller sjukehus, merking av stier og løyper, måndagskafè, strikkecafè, styrketrening og BUA Bygland...

Og dette er berre noko av det Frivilligsentralen organiserer.

-Dessutan må eg ta med at det finst eit stort utval av frivillige lag og foreiningar som også gjer eit stort bidrag til frivilligheita. I foreningsportalen har me registrert 62 foreiningar! Eg meiner dette speiler frivilligheita i Bygland godt, seier Anne.

Fleire spennande prosjekt i vente

Frivilligsentralen er involvert i nærmiljøprosjekt kring den sørlege delen av kommunen, der dei skal løfte levekår og jobbe på tvers av etatar og samskape rundt det.

-Dette blir ein spennande prosess, der Fylkeskommunen er ein samarbeidspartnar, fortel Anne.

Men ikkje nok med det, det er meir i vente for dei frivillige.

-Frivilligsentralen jobbar også med eit nytt prosjekt for oss - ALLEMED. Det handlar i hovudsak om at vi tek i bruk eit verktøy for at alle barn og unge skal ha tilgang til ei meiningsfull fritid uansett bakgrunn, seier ho.

-Verktøyet er utprøvd andre stader, men det er nytt for oss. Her skal alle bli involvert i å finne nye løysingar - alle etatene i kommunen, næringsliv, lag og foreiningar og Frivilligsentralen. Først ut er ein dugnad der alle desse er invitert. Der skal vi sjå på korleis alle born og unge i kommunen vår skal få høve til å delta på fritidsaktiviteter, uavhengig av familieøkonomi.

Måla for denne dugnaden er å bli meir bevisst på kva som skal til for at Bygland blir ein endå meir inkluderande kommune, og så skal ein samlast om konkrete handlingar for å få alle med.



ANNE FAUSKE I BYGLAND
FRIVILLIGSENTRAL



>>> FOLK I BYGLAND ER RÅ PÅ FRIVILLIGHEIT

Populære BUA

BUA Bygland er allereie mykje brukt av byglendingane – og bruken berre aukar og aukar. Sidan 2019 har frivillige hatt hovudansvaret for utlån, seks dagar i veka gjennom heile året. Her kan byglendingar i alle aldrar låne gratis utstyr til både sommar- og vinteraktivitetar. Heilt gratis. Det kan vere alpinutstyr, telt, skøyter, kanoar, kajakkar, liggeunderlag, stormkjøken, langrennsutstyr, SUP-brett, stisykkel, racersykkel og mykje meir.



BUA BYGLAND -GJENGEN MED TIDLIGARE ORDFØRAR
I BYGLAND SIGBJØRN FOSSDAL

-I fjar låg vi på andre plass på utlånsstatistikk samanlikna med kommunar i storleik 1000 – 10 000 innbyggjarar med 1 800 utlån. Berre til no i år har vi over 1000 utlån, fortel Anne entusiastisk.

Og tida går kjapt mot lysare tider no. Anne gleder seg allereie til sommarfesten.

-Kvar år arrangerer vi sommarfest for dei frivillige. Det er alltid ein veldig triveleg dag; det er god mat, underhalding og gode samtaler. Det blir bra, avsluttar Anne.

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

- mån: 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)
- mån: 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)
- ons: 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)

1x/månaden: Fredagsklubb i Årdalshallen
fredagar: kl. 18.00 - 21.00, 5. - 7. klasse (neste: 10.05.)



Nye klubblokaler

Bygland Ungdomsklubb skal flytte inn i dei gamle bibliotekslokalene på Bygland (Sentrum 24) i sommar og disponerer heile bygningen.

Oppussing tek til, når bøkene har blitt flytta ut.



BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 Bygland
bygland.kyrkelyd.no og på Facebook

Kontakt

- Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
- Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



GUDSTENESTER

fredag, 17.05. kl. 11.00: 17-mai-gudsteneste,
Årdal kyrkje, Grendi

- Prest: Kristina Grundetjern
- Offer til: Frelsesarneen



ANDAKTER PÅ BYGLANDSHEIMEN

tysdag, 14. og 28.05 kl. 14.00



KONFIRMASJON 2024

torsdag 09.05. kl. 11.00
Sandnes kyrkje,
Åraksbø

sundag, 19.05. kl. 11.00
Bygland kyrkje

sundag, 19.05. kl. 13.00
Årdal kyrkje, Grendi



Konfirmasjon 2024

Gudstenester i Bygland og Årdal sokn

Sandnes kyrkje, Åraksbø: torsdag 9. mai kl. 11

Bygland kyrkje: sundag 19. mai kl. 11

Årdal kyrkje, Grendi: sundag 19. mai kl. 13

Gratulerer med dagen til alle konfirmanter!

MØTE PÅ VONHEIM BEDEHUS, BYGLAND

onsdag, 08.05. kl. 19.00: Vidar Brautaseth taler og synger. Kollekt, enkel servering.

onsdag, 29.05. kl. 19.00: Jon Magnar Pedersen taler og synger. Kollekt, enkel servering.

Alle hjarteleg velkomne!



>>> TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTOMING - MAI 2024

- **Matavfall og restavfall:** veke 18: torsdag 02.05.
- **Papir og plast:** veke 20: tysdag 14.05.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 16: torsdag 16.05.



GJENVINNINGSSSTASJONER

- **Nesmoen, Bygland:** kvar 2. onsdag i måneden kl. 14.00 – 18.00 (08.05.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (25.05.)
- **Syrtveit, Evje:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00- 14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (11.05.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

KINO PÅ BYGLAND

>>> BYGLAND FILMKLUBB
sundag 26.05. kl. 19.00 -
Bygland kulturscene

OPPENHEIMER (2023)

Aldersgrense 12 år
Historisk; m/ Cillian
Murphy



Bygdekinoen



17:30 Pusur-filmen
6 år • 110 Kr
1t 41m



19:30 The Fall Guy
12 år • 130 Kr
Action, Komedie
2t 6m

Onsdag 15.05
Bygland Kulturscene

Bygdekinoen.no – Et tilbud fra Film & Kino
Kjøp billett på nett!



YMSE

>>> STOGA KULTURCAFÉ OG BYGLAND TURISTKONTOR

STOGA kulturcaf  og BYGLAND TURISTKONTOR

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 907 81 105;

p  FB: facebook.com/StogaAS

- fredagar kl. 13.00 – 19.00 og sundagar kl. 11.00 – 19.00



P  turistkontoret f r du

- kart over Bygland og turar, info om bomvegar
- fiske og fiskekort i Bygland
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-b ker



Arrangement i mai:

02.05. kl. 18.00 **Stadsnamnstoge**: Med Finn E. Isaksen fr  Statens kartverk

14.05. kl. 18.00 **Naturvern forbundet** inviterer til opent m te. Velkommen til naturprat. Vi h per   danne eit lokallag i Setesdal. Enkel servering.

>>> BJOREN BRYGGE

Bjoren Brygge

Presteneset, 4745 Bygland, tlf. 932 62 168;

p  FB: facebook.com/bjorenbrygge



Ved bestilling; 93262168. Nina



YMSE

>> MUSIKK OG LITERATUR

Kong Hanes Eftf.

Korøving - onsdagar kl. 19.30

Musikkrom på Bygland skule



Bygland Hornmusikk

Korpsøving - tysdagar kl. 18.00

Bygland kulturscene

Bokcaf 

tysdagar kl. 12.00

Biblioteket på Byglandsfjord

Korpset skal spele
p  17. mai



>> LAG OG FORENINGAR

Foreningsportalen - bygland.foreningsportalen.no

Bygland har eit rikt frivillig liv. I foreningsportalen kan du finne ut kva for lag og organisasjonar som finnast i Bygland. Du kan også finne kontaktopplysningar.



Etterkvart vil du også kunne finne kva og kor tid dei ulike har aktivitetar.

Gratis tilbuet til lag og foreninger

Setesdal Motel & Apartments på Nesmoen tilbyr lag og foreninger i Bygland gratis lokale for sine møter.

Elles sterkt reduserte prisar for innanbygdsbuande for leige av selskaps-/m telokaler og leige av rom.

Kontakt: Knut William Bygland, tlf. 46700800 og 92884416.

>> SETESDALSMUSEET

sundag 02.06. kl. 14.00 - Setesdalsmuseet, Rysstad

Utstillinga **Stavkyrkja og drakar i Setesdal** opnar 2. juni på Setesdalsmuseet. Modellen til Setesdal stavkyrkje blir stilt ut, og ein kan oppdage forteljingane i dei gamle stavkyrkjeportalane.

Program fr  14:00-16:00.

Vi serverer suppe og kaffi. Velkomne!



Adresse:

Setesdalsmuseet, Aust-Agder museum og arkiv IKS

Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Sentralbord tlf. 48 27 34 81; setesdalmuseet.no



17. MAI I BYGLAND



PROGRAM 17. MAI 2024 BYGLAND KOMMUNE

- | | |
|-------|--|
| 08.00 | Skramletog Bygland – oppmøte Shell Bygland
Skramletog Byglandsfjord – oppmøte Arild's motorsenter |
| 10.00 | Barnetog frå Setesdølen og opp til Byglandsheimen
Tale ved Knut William Bygland på Byglandsheimen |
| 11:00 | Gudsteneste Årdal kyrkje |
| 11:45 | Kransenedlegging og tale ved Gunnar Øvergård Dahle
og Alice Øvergård, Årdal kyrkje |

PROGRAM PÅ BYGLANDSFJORD

- | | |
|-------|---|
| 12:30 | Folketog frå Lokstallen til Årdalshallen
Hornmusikken speler |
| 13:00 | Matsal, natursti, skyting og leikar startar |
| 14:00 | Felespel ved Tønnes Nordgarden-Slotte
Tale for dagen ved May Britt Stenjar |
| 14:30 | Premieutdeling |

Velkommen!

Me ynskjer alle ei god og minnerik feiring!

Kun Vipps #562898 eller kontantar.

Mogleg med kort i matutsalget.



**GRATULERER MED
DAGEN**

KVA SKJER I BYGLAND - MAI 2024

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
måndag 06.05.	Bygland frivilligsentral	kl. 10 -15.30	Tur til Skjerkadammen og Eikerapen Hotell
tysdag 07.05.	Bygland frivilligsentral	kl 16.00 - 17.30	Bygdemiddag - meny: Kjøttkaker og kålstuing
tysdag 14.05.	Naturvernforbundet, Stoga	kl. 18.00	Open møte, ved interesse stifting av lokallag
tysdag 14. og 28.05.	Byglandsheimen	kl. 14.00	Andakt
onsdag, 15.05.	Byglandsheimen	kl. 11 - 14	Open dag - konsert med Leif Inge Thormodsæter
onsdag 15.05.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	Film 1: kl. 17.30 Film 2: kl. 19.30	Film1: Pusur-film (6 år) Film 2: Fall Guy (12 år)
torsdag 16.05.	Dagsturhytta på Utsikten, Grendi	kl. 11.00 - 13.00	Opning av dagsturhytta med fest og natursti
fredag 17.05. GRUNNLOVS- DAGEN	5. og 6. klassene i Bygland; Bygland, Grendi og Byglandsfjord		kl. 11: 17. mai- gudsteneste, Årdal kyrkje; festprogram elles sjå s. 19
tysdag 21.05.	Bygland frivilligsentral	kl. 16.00 - 17.30	Bygdemiddag
onsdag 22.05.	Byglandsheimen	kl. 11.00 - 14.00	Open dag; Seniorshop kjem
sundag 26.05.	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	kl. 19.00	Film: Oppenheimer (2023)